



## Notat

Dato: 06.04.2017  
Arkivsak: 2014/14233-10  
Saksbehandlar: ingsven

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Avviklinga av stiftinga regionsenter for husflidnæring

Det vert vist til PS 62/2017. I saka vedtok fylkesutvalet å godkjenne formell nedlegging av stiftinga Regionsenter for husflidnæring og ga fylkesrådmannen fullmakt til å forhandle fram ei løysing for slik avvikling innafor ei økonomisk ramme på inntil 200.000 kroner for Hordaland fylkeskommune sin del.

Stiftinga meldte avvikling til Lotteri- og stiftelsestilsynet per 31.03.2017. Stiftelsestilsynet har deretter gjort vedtak om å slette stiftinga frå Stiftelsesregisteret. Det var ein føresetnad for avviklinga at alle økonomiske krav er gjort opp. Samla krav for stiftinga summerte seg til 209.956 kroner. Sjå vedlagte oversikt over aktuelle krav. I tillegg kjem utgifter til juridisk bistand på 52.688 kroner.

Hordaland fylkeskommune har etter dette totalt lagt ut 262.644 kroner knytt til avvikling av stiftinga. Det er avtalt ei kostnadsdeling med Voss kommune der sistnemnde skal dekkje 40 prosent av kostnadane. Hordaland fylkeskommune sin del utgjør etter dette 157.586 kroner. Dette beløpet vert dekkja over rådveldekontoen til fylkesutvalet, jfr vedtak i saka 23.02.2017.